

Stalheim Landskapsark
v/ Leif Inge Hauge
5713 Vossestrand

6.Mars 2009

Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksavd,
v/ Dirk Kohlmann

Søknad om prosjektmidlar for 2009 – Landskapsarkar fase II

Årsmøte i Stalheim Landskapsark var 5. mars og vedtok å søkja om prosjektmidlar til vidare satsing på landskapsbasert næringsutvikling i område Stalheim.

Vidare satsing er konkretisert etter definert resultatmål frå fylkesmannen. Satsingsområde vert å etablere ny næringsverksemd innafor landskapspleie og oppleving, samt å styrkja etablert næringsverksemd i landbruk og turisme. I tillegg utvikla arrangementet Stalheimskleiva Opp.

Ein legg ved prosjektplan for 2009-2011. Planen er konkret i høve til målsetnad og budsjett og er for heile prosjektperioden. Ein søker om mest midlar i 2009 og ein nedtrapping vidare i prosjektperioden.

Det er eit stort engasjement og god oppslutnad om prosjektet Stalheim Landskapsark. Me har difor stor tru på at me skal nå dei mål me har sett oss i prosjektplanen.

Vonar og at Fylkesmannen er med oss vidare og løyver oss dei midlar me treng for å koma i mål med prosjektet.

Søker difor om **kr. 240.000** for prosjektåret 2009.

Med helsing
Leif Inge Hauge
Leiar Stalheim Landskapsark.

Vedlegg Prosjektplan Stalheim Landskapsark